

Arkivsaksnr: 2015/1738-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 27.03.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Geiranger-Herdalen	15/2015	

## Søknad om skogrydding langs kraftlinjer i Tafjorden-Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

### Søkjjar

Mørenett, v/Hans Peter Eidseflot

### Dokument i saka

1. Søknad datert 10. mar. 2015

### Søknaden vurderast etter

1. Naturmangfaldloven (NML)
2. Forvaltningsplan – Vestnorsk Fjordlandskap- Delområde Geirangerfjorden
3. Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

## Saksframlegg

### Søknad

Mørenett søkjer om dispensasjon til å rydde skog under kraftlinjene (132kV) på strekninga Oksneset-Seineset på sørvestsida av Tafjorden. Føremålet med rydding av skog langs kraftlinjene er å sikre tryggleik for folk og omgjevnader samt å sikre straumforsyninga i heile regionen. Det er krevjande tilkomst til områdene og det søkas derfor om å sikre linja for 8-10 år fram i tid.

Det søkas om å rydde underskog for å unngå skade, overslag og spenningsforstyrning på kraftlinjene. Av vedlagte bilete kjem det fram at underskogen har blitt omfangsrik, både i tal og i høgde.

Det søkas også om å rydde kantskog for å unngå at trea faller på linjene, noko som kan medføre akutte straumbrot. Mørenett sin konsesjon for linjene heimlar ei ryddebreidde på 10 m til kvar side for midten på kvar av desse to linjene. Erfarent mannskap frå Valldal Bygdeservice vil eventuelt få ansvar for skogryddinga.

I samband med skogryddinga søkas det om dispensasjon til å behandle stubbar av lauvtre med plantevernmiddelet Glyphonova Plus som inneheld virkestoffet glyfosat. Stubbebehandling hindrar gjenvekst av krattskog. Kjemikaliet skal påførast manuelt med ei pumpekanne. Mørenett er tydelege på at dei ikkje ønskjer at den øvrige vegetasjonen skal verte skada av stoffet, sidan det er denne vegetasjonen som hindrar / bremsar etableringa av nye frøplantar av lauvskog.

## Vurdering

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

I forvaltningsplanen for Vestnorsk Fjordlandskap ligger kraftlinja innafor sone for spesiell tilrettelegging og bruk. I denne sona er det i større grad opning for bestemte tiltak samanlikna med bruksområda og vernesona.

I følgje verneforskrifta § 3 punkt 1.1 er det forbod mot alle inngrep som i vesentlig grad kan endre landskapets art eller karakter. Det kan etter søknad gis løyve til rydding av skog etter kriteria som er lista opp under § 3 punkt 2.3. Etter verneforskrift § 3 punkt 6.1 er det forbod mot m.a. bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet. Etter verneforskrift § 3 punkt 1.2 bokstav f er reglane i § 3 punkt 1.1 ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande kraftanlegg, men skogrydding og stubbebehandling vurderas ikkje som vedlikehald av sjølvne kraftanlegga og tiltaka vil derfor vurderast etter § 48 i Naturmangfaldlova.

Alle tiltak skal også vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### Vurdering etter naturmangfaldlova

NML § 48 opnar for at det kan gis dispensasjon dersom tiltaket ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig. Det vurderast dit at hogst langs kraftlinjene er nødvendig av sikkerheitsomsyn for å unngå potensielt alvorlig situasjon med svekka strømforsyningsberedskap til heile Sunnmøre. I dette tilfellet er det dermed mest aktuelt å gi dispensasjon av omsyn til NML § 48 andre ledd. Dyrelivet kan bli påverka av støy frå motorsag og aktivitet, men dette vil vere ei kortvarig forstyrring. Det vurderas dit at verneverdiane og landskapet ikkje vil bli nemneverdig påverka av tiltaket.

Bruk av kjemikalier innafor landskapsvernområdet er i utgangspunktet ikkje ønskelig, men stubbebehandling kan vere positivt i.h.t. verneverdiane, t.d. på bekjemping av platanlønn og på gammal gjengroande kulturmark. Ved å nytte plantevernmidde vil ein unngå meir omfattande og hyppigare ryddearbeid langs linja dei neste 8-10 åra noko som førar til mindre forstyrring for fugle- og dyrelivet i området. Det vurderast elles dit at bruk av plantevernmidde langs denne linja ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er henta frå søknad, bildedokumentasjon, verneforskrift, forvaltningsplan og Naturbase og vurderast som tilstrekkelig dokumentert. Det er ikkje registrert sårbare artar langs linja som skal ryddast.

### § 9 i NML om føre – var prinsippet.

Kunnskapsgrunnlaget vurderas som tilstrekkelig for å ta ein avgjersle i saka og det er derfor ikkje nødvendig å ta i bruk § 9.

### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Linjerydding er noko som må gjennomførast med jamne mellomrom. Hogsten langs denne linja har vært utført tidlegare og det vurderast derfor som at dette ikkje vil vere ei ny samla belastning for landskapet, naturen eller fugle-/dyrelivet. Bruk av glyfosat vil hindre hyppig skogrydding langs

kraftlinjene dei neste åra, noko som vil forhindre ytterligare forstyrring i form av støy og ferdsel langs kraftlinjene.

### **§ 11 kostnad ved miljøforringelse**

Kostnader ved miljøforringing skal dekkes av tiltakshaver, noko som kan vere aktuelt om landskapspåvirkningene blir større enn beskrevet.

### **§ 12 «Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar**

Skogrydding: Arbeidet med linjerydding skal utførast manuelt med motorsag. Mannskapet vil transporterast inn med båt og gå kortaste avstand frå sjø og opp til linja. Dette vurderast som den mest hensiktsmessige måten å frakte folk og utstyr på.

Plantevernmiddel: Kjemikaliet glyfosat skal påførast manuelt med ei pumpekanne for at vegetasjonen rundt stubben skal skadast i minst mogeleg grad noko som vurderast som mest skånsamme metoden å nytte ved stubbebehandling.

### **Forslag til vedtak**

Mørenett får med dette dispensasjon av verneområdestyret til å gjennomføre rydding under kraftlinjene på strekninga Oksneset-Seineset på sørvestsida av Tafjorden i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Dispensasjon er gitt etter § 48 i Naturmangfaldlova og tiltaka er vurdert etter §§ 8-12.

### **Vilkår**

Løyva er gjeve med følgjande vilkår

- Ryddebreidda skal ikkje overstige 10 m til kvar side for midten av linjene
- Folk utstyr og materialar skal fraktas inn med båt via fjorden
- Plantevernmiddelet skal påførast med hjelp av ei pumpekanne ved stubbebehandlinga
- Arbeidet skal gjennomførast som beskrivi i søknad og med så små terrengmessige inngrep som mogeleg
- Alt av resterande material skal fjernast frå verneområdet ved ferdigstilling

### **Klageadgang**

Vedtaket kan påklagas av en part eller annen med rettslig klageinteresse, jf. forvaltningsloven § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er mottatt. Klagen stiles til Miljødirektoratet, men sendes til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.